



DET NORSKE TEATRET



b15g 148544



LADISLAV FIALKA og TEATRET PÅ BALUSTRADEN

Moderne tsjekkisk pantomime er uløseleg knytta til namnet Ladislav Fialka og Teatret på Balustraden. Teatret vart grunnlagt i 1958, men før starten hadde Fialka alt hatt framsyningar med gruppa si. Medlemmene var folk han hadde arbeidd med i studietida på Danseakademiet i Praha.

Den første oppsetjinga deira var «Pantomime på balustraden», ei oppsummering av dei røyntslene gruppa hausta i den første utviklingsfasen sin. Publikum fekk sjå ein kavalkade over velkjende former, spelstilar og inspirasjonskjelder. Ordninga var kronologisk, – med utgangspunkt i den gamle marknadspantomimen viste Fialka ei fri omarbeiding av Debureau's pantomimer, påminningar om Chaplin og stumfilmens gullalder, eit

klovnestykke; skaparen av moderne pantomime, Marcel Marceau, vart hylla med eit utdrag av repertoaret hans. Tilslutt kom «Maskene», freistnaden på å spele eit moderne mimedrama. Utforminga var sjølvstendig og personleg – i denne første som i alle dei seinare oppsetjingane var Fialka både forfattar, koreograf, instruktør og hovudrolleinnehavar.

Den neste oppsetjinga fekk tittelen «Ni gonger hatten av for Praha», ein serie på ni episodar frå Prahask historia. Dette var Fialkas første freistnad på å lage ein original libretto, men òg spelmåten viste at han var på leiting etter sin eigen høgst personlege stil i presentasjonen av den moderne pantomimen.

«Studiar» (1960) var ei samling korte pantomimiske studiar – humoristiske, alvorlege og filosoferande historier som alle i høgste grad held seg innan ramma for moderne pantomime. Dei presise rørsle uttrykte reelle kjensler ved hjelp av omfattande poetiske symbol.

Etter «Studiar» kom «Reisa» (1962), ein freistnad på å meistre større og meir omfattande oppsetjingar. «Reisa» var ei kunstnarleg innføring i moderne pantomime i form av eit mimisk drama. Gjennomgangsfiguren i dei fire aktene var ein «kvit klovn», som frå den italienske *commedia dell'arte* – scenen kom til den berømte parisiske pantomimescenen Funambules og passerte via ein sirkusmanesje fram til moderne pantomime.

I «Narrane» (1955) utnytta Fialka røynslene frå arbeidet med dei to førre oppsetjingane, og no lykkast han i det som heile tida hadde vore målet: å skape eit pantomimeteater der komposisjon og stil harmonerer. Bindeleddet er igjen klovnen som ber den urealistiske draumen i seg. Men dei einskilte scenane er alle bygde på eit grunntema: verdslabyrinten der mennesket lever med dei same problema no som for hundrevis av år sidan.

Ladislav Fialka er òg aktiv som filmskapar. Produksjonen fordeler seg på dokke- og pantomimefilm, som han òg freistar gjere til ein sjølvstendig filmkunst.



Samarbeidet med Jiri Trnka har hatt mykje å seie for utviklinga hans. I filmene som i dei sceniske oppsetjingane held Fialka fast på prinsippet om å arbeide med ei gruppe, og for det meste har han filma med sitt eige ensemble.


Både heime og i utlandet har Fialkas ensemble fått svært god omtale for oppsetjingane sine. Kritikanerane har framhevd den høge tekniske standarden gruppa har nådd, men dei ser det som enda viktigare at medlemmene har fått lov til å uttrykke seg individuelt innan ramma av den særprega stilen som er spesiell for gruppa og som er Fialkas eigen.

Klaus Geitel, DIE WELT
14/12 1965

KNAPPEN

eit grotesk mimedrama
av Ladislav Fialka

Teatret på Balustraden, Praha



regi:
musikk:
jazz:
valsar:
kostyme:
dekor:
masker:

LADISLAV FIALKA
ZDENEK SIKOLA
LUDEK HULAN
JOHANN STRAUSS
MIRKA KOVAROVA
BORIS SOUKUP
RUDOLF HAMMER

Første del:

PROLOG VED MUREN

1. På leiting etter den tapte knappen
2. Klovnestykke med manualen
3. Oldingen og den flygande kofferten
4. Paris – Muséet for moderne kunst
5. Til ære for herr Picasso
6. Lett veg til heider



med:

LUDMILA KOVAROVA
ZDENKA KRATOCHVILOVA
JANA PESKOVA
OLGA PRZYGRODSKA
BOZENA VECHETOVA
JOSEF FAJTA
JIRI KAFTAN
IVAN LUKES
RICHARD WEBER
LADISLAV FIALKA

Andre del:

7. Eit for godt liv
8. Ein draum om kjærleiken og fiskane
9. Eit fall ut av senga – oppvakning
10. Ny leiting og forfølging
11. Den nedrulla gardina
12. Funnet av den tapte knappen

EPILOG VED MUREN

Ladislav Fialka:

KNAPPEN

Den gongen da eg var ganske liten, hadde eg ein matrosdress med ein gullskinande ankerknapp. Eg mista knappen i trengselen på marknaden i Sedlec ved Kutná Hora, ein eller annan stad mellom den kjende gotiske kyrkja og det enda meir kjende Knokkelmuséet som støtt vekte ovundring hos dei nyfikne frå fjern og nær. Det luftige, djerve kyrkjebygget vekte vel same vørnad og undring hos meg som hos bestefar ein gong for lenge sidan. Det gjorde meg for første gong redd for det som går ut over vår fatteevne. Bestefar tok meg kanskje nettopp med dit for å gje meg ei aning om kor høgt mennesket kunne nå, men eg byrja snart å fryse og lengte ut til trengselen og uroa i marknadsgatene. Eg hadde ei von om å lokke ei krone ut av bestefar for å kjøpe sur agurk og tyrkisk honning, kan hende kunne vi òg sjå på sirkuset og Knokkelmuséet.

Alt gjekk i oppfylling, for eg hadde ein svært snill bestefar.

Ein klovn i underleg snippkjole og raudstripa trikot kom inn på podiet framfor sirkuset, og akkompagnert av trompetar og trommehvirvlar gjorde han eit nummer der han freista løfte opp ein manual. Det greidde han ikkje, og gjekk inn i teltet. Han kom ut igjen med ein annan hatt som han sette på hovudet, og no løfta han manualen utan vanskar. Men da sirkusdirektøren reiv hatten av han, fall manualen ned på føtene hans og han skreik av smerte.

Dette lika eg svært godt, og enno dukkar biletet stadig opp i minnet, lik ein detalj frå Fellini eller glimt frå Beckett. Etterpå tok bestefar meg med til eit vertshus, der ein omreisande kino hadde slått seg ned. Der såg eg for første gong Chaplin, som skiftevis vart jaga av politimenn og ein okse. Eg såg Frigo, som utan hell freista reparere ein bil, og frå den ettermiddagen var eg like glad i desse to som i klovnar, Picasso og alle slags målarstykke. I Knokkelmuséet såg vi på dei kunstferdig arrangerte hovudskallane, beinrangla og knoklane som visstnok ein blind unggut hadde samla saman rundt i distriktet under trettiårskrigen. Eg kom til å tenkje på om dette var det einaste som ville vere igjen av bestefar òg, men da eg spurde, smilte han



berre utan å gje noko svar. Eg insisterte ikkje heller, for nett i denne augneblinken oppdaga eg at gullknappen med ankeret var borte. Frå da av hadde eg berre tanke på å finne igjen knappen. Sjølv om bestefar visste at det var vonlaust å finne ein liten gullknapp i denne menneskevrimmelen, hjalpste han meg med å leite. Vi leita lenge og overalt, men utan hell. Lysa vart tende på karusellane og berg-og-dalbanen, og på den opplyste scenen viste klovnemanageren sitt om og om igjen. Vi vart ståande framfor podiet, det var tydeleg at bestefar ville få meg til å tenkje på noko anna enn knappen. Men eg greidde ikkje å interessere meg for det som skjedde rundt meg, og stod mest og såg ned i bakken.



Plutseleg bøyde bestefar seg ned og kviskra: «Sjå der, han har òg mista han.» Sant nok. Klovnen bøyde seg, og med fingeren gjennom knappholet leita han over heile scenen og klaga seg sårt. Han hadde mista knappen, men etter ei stund fann han den igjen.

Plutseleg kjende eg meg betre, kanskje fordi eg ikkje lenger var så åleine, kanskje òg fordi eg fekk det for meg at eg trass alt ville finne han ein gong, for ikkje noko i denne verda kan vel forsvinne for alltid.

Mange år seinare var det eg som med kvitmåla andlet og stripa trikot underheldt folk. Da var det ikkje lenger så fine marknadsfestar i Sedlec, og bestefar var død for lenge sidan, – men i det minste for meg var det mykje meir igjen etter han enn det vi hadde sett i Knokkelmuséet. I «Tankar», den vesle boka av Blaise Pascal, støytte eg på følgjande: «Ein bagatell kan trøyste oss, for ein bagatell kan òg gjere oss sorgsame.»

Og slik – som eit barndomsminne – vart «Knappen» til. Stykket er tileigna alle dei som er reie til å søkje ei meining i det groteske, slik ein i menneskevrimmelen leitar etter ein liten gullknapp med anker.



Botnen - 68